



Ranveig Vatne
Vatne 43
5912 SEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Ida Loftesnes Kvåle, 5764 3155

Alver kommune - gbnr. 170/3 - Førehandsvarsel om motteken sak

Den 12.04.2022 fekk vi oversendt klagesak etter plan- og bygningslova frå Alver kommune.

Saka gjeld klage på Alver kommune sitt vedtak om å gi avslag på di søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppretting av ny grunneigedom med kårustad på eigedomen gbnr. 170/3, Vatne i Alver kommune.

Det kan ta noko tid før det ligg føre svar i saka. Dette skuldast at vi har mange saker til handsaming, og at nye saker difor må vente ei tid. Sakshandsamingstida hjå Statsforvaltaren i Vestland er for tida mellom ein til tre månader.

Vi tek kontakt om det skulle vere nødvendig med innhenting av fleire opplysningar eller synfaring.

Vi viser elles til vårt tidlegare brev til kommunane i Vestland fylke, der vi har bede om at det i oversendingsbrevet til Statsforvaltaren vert orientert om sakshandsamingstida hjå Statsforvaltaren. Partane vert då orienterte om sakshandsamingstida vår når dei mottek kopi av oversendingsbrevet.

På førehand takk for hjelpa.

Med helsing

Ida Loftesnes Kvåle
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG